



Øystein Husebø og Merete Husebø
Langheiane 30
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7498 - 14/26983

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2015

Førerels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/787 Gjervik ytre

Vi ber om orsak for sein tilbakemelding.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.11.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn nytt situasjonskart som viser eksisterande og ny situasjon betre enn den vi har motteke. Situasjonskartet må vere påført nøyaktige avstandsmål til vegmidte, vegkant, VA-leidningar og kum.
2. De må innhente løyve frå eininga Teknisk drift v/Vegavdelinga i Lindås kommune for plassering av tiltak nærmare enn 3 meter frå vegkant, jf. veglova § 32. Dette må de sende videre til oss.

Vegen muren grenser til er kommunal.

3. Muren er vist plassert nærmare offentleg leidning og kum enn 4 meter, og såleis i strid med forskrift for kommunale anlegg. De må inngå ei privat avtale med einiga Teknisk drift i Lindås kommune om plassering av muren. Denne avtalen må de sende til oss.
4. Det må sendast inn terrengrøfiler som syner muren og eventuelt rekksverk saman med vegane.

Vi vil for ordens skull gjere dykk merksam på at «Ved høydeforskjell større eller lik 0,5 m skal det sikres med rekksverk», jf. VTEK § 8-4 tredje ledd, jf. VTEK § 12-11 andre ledd, jf. VTEK § 12-17.

Mur i frisiktssone kan ikkje vere over 0,5 meter. Dette inneber at høgde på mur – inkludert gjerde – må vere lågare enn eller inntil 0,5 meter over tilstøytande vegars toppdekke. Alt som er over 0,5



meter et i strid med frisiktsonen. Eit gjerde på toppen av muren, uavhengig av utforming og «gjennomsiktighet» vil vere i strid med krava til frisiktsone. Det skal det i frisiktsone ikkje førast opp noko som kan hindre sikt under nokon omstende (gjerde kan snø til, glassrekkeverk som i utgangspunktet er gjennomsiktige kan forureinast/dugg/skit osb. og vil såleis ikkje lenger framstå som om det ikkje var noko hinder i frisiktsona.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 13.08.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Ta gjerne kontakt med oss om dykk har spørsmål.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øystein Husebø og Merete Husebø Langheiane 30 5914 ISDALSTØ